




Gol kommune


Behovskartlegging

for Gol sentrum



Innhald

1 Innleiing	5
Kvifor ei behovskartlegging?	6
Brukargrupper	8
Metode	10
2 Kartlegginga og resultat	13
Unge golar	
3. trinn	15
7. trinn	19
9. tinn	21
VGS	23
Vaksne golar	
Den gjengse goling	25
Næringsgolar	
Nye golar	
Foreldre	
Hyttegolar	
Eldre golar	31
Nøkkelfunn	32
3 Oppsummering	35
Erfaringar og vegen vidare	37



1 Innleiing

Kvifor ei behovskartlegging?

Ei behovskartlegging er ein framgangsmåte for å samle inn data frå ulike brukargrupper. Deira tankar og meiningar om ulike tema eller problemstillingar. Det finnst ulike metodar for å gjennomføre ei slik kartlegging. Kva for nokre Gol kommune har nytta, blir presentert under Metode.

Kvifor er det viktig å gjennomføre ei slik kartlegging? For at dei folkevalde og administrasjonen i ei kommune skal kunne ta gode avgjerder, er det viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette gjeld i alle saker, og spesielt i saker som omhandlar utvikling av samfunnet vårt. For å danne eit godt kunnskapsgrunnlag, er det viktig å legge til rette for at folk kan kome med innspel, tankar og meiningar.

Folk er folk. Og folk er ulike. Difor er deltakarane i behovskartlegginga delt inn i ulike brukargrupper. Desse blir presentert på neste side.

I denne rapporten blir resultatane frå behovskartlegginga for Gol sentrum som blei gjennomført hausten 2025 presentert.



Brukargrupper og nytta metode

Unge golar

3. trinn

- Elevar i 3. trinn ved Gol skule
- Teikneoppgåve

7. trinn

- Elevar i 7. trinn ved Gol skule
- Barnetråkk
 - Workshop med kart

9. trinn

- Elevar i 9. trinn ved Gol skule
- Workshop med kart

VGS.

- Elevar frå tre årstrinn ved Gol vidaregåande skule
- Workshop med kart
 - Nettbasert spørjeundersøking

Vaksne golar


Eldre golar

- Sentrumsvandring
- Oppsøkande intervju
- Nettbasert spørjeundersøking

Den gjengse goling

Den gjengse goling
Nye golar
Foreldre
Hyttegolar
Næringsgolar

- Oppsøkande intervju
- Nettbasert spørjeundersøking



Metode

Ulike brukargrupper krev ulik tilnærming. Det er eit viktig aspekt å ha med seg når ein gjennomfører ei kartlegging. Det som fungerer med vaksne, er ikkje sikkert at vil fungere med barn eller eldre. Derfor er det viktig å tilpasse tilnærminga til den brukargruppa du til ein kvar tid har med å gjere.

Oppsøkande intervju

Å oppsøke folk der dei er, har vist seg å vere eit smart trekk. Mange av innbyggjarane våre sit med kloke tankar og meiningar, men føler at desse tankane og meiningane ikkje er så mykje verd. Det sit og langt inne for mange å sette av tid til folkemøte eller liknande i ein travel kvardag. Folk gav utrykk for at dei sette pris på at ein frå kommunen tok seg tid til å snakke med folk i ein uformell setting.

Møta med dei eldre, FAU og elevar ved vaksenopplæringa var meir organiserte, men fekk likevel fram den uformelle praten.


Begge måtane å gjennomføre oppsøkande intervju på, gav ei verdifull innsikt i tankane til innbyggjarane våre.

Workshop med kart

Dette blei gjennomført i fleire aldersgrupper. Sjuande og niande trinn, samt elevar frå vidaregåande skule.

Elevane blei delt inn i grupper på fire til seks elevar. Dei fekk utdelt eit stort kart over Gol sentrum, fargemerkørar og små klistrelappar. Fyrste oppgåve; sett ein ring rundt stader du likar i Gol sentrum. Sett ein klistrelapp på staden og skriv kvifor du likar han. Andre oppgåve; sett eit kryss på stader du ikkje likar i Gol sentrum. Sett ein klistrelapp på staden og skriv kvifor du ikkje likar han. Tredje oppgåve; Kva ønskjer du deg i Gol sentrum? Sett ein lapp med kva du ønskjer deg på den staden du skulle ønskje at det var.

I etterkant blei markeringane og lappane sortert og kategorisert etter likar, likar ikkje og ønske/forslag.



Oppsøkande intervju



Workshop med kart

Sentrumsvandring


Ei sentrumsvandring er ein fin måte å få fram ein diskusjon rundt sentrumet vårt. Sentrumsvandringa med dei eldre starta ved Frivillighetssentralen, gjekk inn i Sentrumsvegen, opp til Sparebank 1 og ned Gymnasvegen. Undervegs blei det diskutert kvalitetar og utfordringar med og i sentrum.



Sentrumsvandring

Nettbasert spørjeundersøking

For å nå ut til ein større masse, brukte vi ei nettbasert spørjeundersøking. Link til undersøkinga blei lagt ut på kommunen sin nettside og sosiale medium. I sentrum blei det hengt opp plakatar med QR-kode for skanning. Undersøkinga gjorde det raskt og enkelt å delta.




Nettbasert spørjeundersøking

Teikneoppgåve

Ei teikneoppgåve er ein god måte å hente inn innspel frå yngre elevar. Elevane fekk i oppgåve å teikne det dei drøymmer om i Gol sentrum. Kva drøymmer ein elev på tredje tinn om? Det varierer mellom bygg som ser ut som figurar frå eit spel, dyrehage, butikkar og trampolinar.

Teikningane blei analysert, og fortel oss kva denne aldersgruppa er mest opptekne av.




Teikneoppgåve

Barnetråkk

Barnetråkk er eit gratis verktøy utarbeida av Design og arkitektur Norge (DOGA). «Barnetråkk viser elevane hvordan deltagelse i planprosesser fungerer, og hvordan de kan ta vare på rettighetene sine i ung alder. Gjennom Barnetråkk kan elevar enkelt registrere og kartfeste hvordan de bruker sitt nærmiljø. Resultatene oversendes til myndighetene, og på denne måten kan elevane erfare hvordan de kan påvirke gjennom demokratiske prosesser.» (<https://www.barnetrakk.no/hvorfor/>)

Dette blei gjennomført på femte og sjuande trinn. Barna teikna skulevegen sin på digitale kart. Dei markerte óg stader dei likar og ikkje likar, og hadde moglegheita til å kommentere dei. Dette blei gjort som ein individuell oppgåve. Alle resultatata, skulevegane og markerte punkt, smalast i same kart.



I forkant av Barnetråkk, fekk sjuande trinn nokre forberedande spørsmål. Svara på desse spørsmåla gav også god informasjon om kva aldersgruppa tenkjer om sentrum.



Barnetråkk



2 Kartlegginga og resultat






Unge golar - 3. trinn


8 år

Tredje trinn er ein aktiv gjeng som er opptatte av leik og har mykje fantasi. Dei fekk i oppgåve å teikne det dei drøymmer om i Gol sentrum. Det var stort engasjement i alle tre klassane, og dei teikna mykje forskjellig. Det varierer mellom bygg som ser ut som figurar frå eit spel, dyrehage, butikkar og trampolinar.

Ved å sjå gjennom og analysere alle teikningane, kan vi hente ut informasjon om kva denne aldersgruppa er mest opptekne av.









Diagrammet viser ei oversikt over alle teikningane. 37 elevar var med å teikne. Diagrammet under har eit antal på meir enn antal elevar. Dette er fordi fleire elevar teikna fleire ting.



Ønske / forslag

- Leik. Spesielt ute. Klatretær, fleire klatrestativ, sklier, zipline og husker
- Dyr
- Trampolinar både inne og ute
- Badeland / symjehall med stort basseng og sklie






«Fint å bade på sommeren»
- om Mobraua

«Mye større bibliotek»

«Mindre fancy ting. Vi vil ha gamle Gol!!!»

«Triste farger i sentrum (alt er grønt, vi vil ha farger - rød for eksempel!)»



«Man kan være der med venner å ha det gøy»
- om parken

«Bruk de tomme byggene»
- om Glitrehaug

«Skummelt å gå over pga. bilene kjører fort!!!»
- om Heslabrua

«Torg, superkoselig med statuer og det må være fontener der»
- om Sentrumsvegen 76



«Trehytte som folk kan leie og sove i»
- om Eidsvalløyne

«Ingen ødelegging av skog. Ikke hogg noe!!!»
- om Eidsvalløyne

«Det hadde vært superfint og koselig og man kan bare kjøre på veiene ved siden av. Og alle hadde elska det. I hele den oransje streken er gågate. Det hadde passa for vi har så mange butikker og restauranter.»
- om gågate

Unge gølingar - 7. trinn

12 år

Sjuande trinn er stor sett nøgde med korleis vi har det i Gol sentrum. Dei er ein ivrig og engasjert gjeng med mykje på hjartet. Det kjem fram i både Barnetråkk og kartworkshopen.

Hallingmo, GIA, gamle grus, skøytebanen, Mobraua og parken er dei mest populære stadene knytt til fysisk aktivitet. Elevane skriv at dei likar dei ulike aktivitetane ein kan gjere på dei nemnde stadene, og at dei kan vere med venner. Aktivitetsområde som sosiale møteplassar er viktige. Mange trekk og fram svømmehallen som ein bra stad.

Kremmartunet og Pers er viktige sosiale møteplassar. Shopping, henge med vener, bowling og Tropicana er gjengangarar i kommentarane om desse stadene. Desse elevane er framleis for unge for å gå på ungdomsklubben, men nyttar ellers mange av dei same møteplassane som dei eldre elevane.

Burgerking, Biltema og Fornebu er andre stader elevane trekk fram som stader dei likar.

Når det gjeld Gol skule er meiningane delte. Mange likar skulen, og trekk fram at dei likar å lære nye ting og være med venner. Samtidig gjev dei og tilbakemelding på at dei synast at skulen er kjedeleg.

Elevane har mange forslag til butikkar som kan vere på Kremmartunet, Storøyne og Vikojordet i framtida.

Utfordringar / likar ikkje

- Mørkt i sentrumsområdet utanfor sentrumsvegen.
- Svøvegen, mykje trafikk, høg fart og mangel på fotgjengarovergangar
- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege for mjuke trafikantar
- Bygde omgjevnader. Stygge bygg og triste fargar

Ønske / forslag

- Meir lys i sentrumsområdet
- Overgangsfelt i Svøvegen
- Bevare grøntområda våre og utvikle dei.
- Friluftsområde og bruer på Eidsvalløyne
- Større og betre symjehall
- Sosiale møteplassar
- Fleire fargar i sentrum



Unge golar - 9. trinn

14 år

Niande trinn er ein engasjert gjeng som brukar sentrum mykje. Dei trekk fram Hallingmo, GIA og gamle grus som viktige aktive møteplassar der ein kan spele fotball, turne og være med vener. På sommaren er Mobrua og Myklefoss populære badestader.

Kremmartunet og Pers er viktige sosiale møteplassar for denne aldersgruppa også. Shopping, henge med vener, bowling og Tropicana er gjengangarar i kommentarane om desse stadene. Ungdomsklubben er mykje brukt av nokre av elevane. Dei synest det er ein gøy stad der ein henge med venner. Samtidig er det og mange som ikkje nyttar seg av tilbudet ungdomsklubben har. Dei gjev tilbakemelding på at det ikkje er noko for dei der. Dei ønskjer seg noko anna.

Burgerking, Biltema, Kiwi og Elkjøp er andre stader elevane trekk fram som stader dei likar.

Elevane har mange forslag til butikkar som kan vere på Kremmartunet, Storøyne og Vikojordet i framtida.

«Noe for interesse om fysikk, som et museum, etter-skolested»
- ønske

«Bygge fellesverksted for ungdom»
- ønske på Vikojordet

«Koselig å gå gjennom og mye fine restauranter»
- om restaurantgata

Utfordringar / likar ikkje

- Bygde omgjevnader. Stygge, skumle bygg og triste fargar
- Svømmehallen. Trenger oppussing
- Gymnasvegen. Opplevast som skummel
- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege for mjuke trafikantar

Ønske / forslag

- Friluftsområde med bading og bruer på Eidsvalløyne
- Bevare skogane og grøntområda våre
- Fleire fine bygg
- Kino og andre sosiale møteplassar.
- Tryggare gang- og sykkelveggar

«At det faktisk er et sentrum der det går an å være»

- stolt av

«Et sted man må bruke penger for å ha det gøy»

- om sentrum


«Mer bygda men ikke som i Bø, mer dyr. Færre blokker. Mer bondehus. Mer farger, ikke så sterilt og kjedelig. Mer aktivitetstilbud som volleyball og basket osv.»

«Gymnasvegen, mye søppel og guffent. Mye blokker»

«Et sted for ungdommen å henge. Man må liksom henge på kremmartunet og det blir litt slitsomt.»

«Flere steder å henge for unge. BEDRE KOLLEKTIV TRANSPORT»

«Betre resirkuleringssystem, fleire farger og klassiske bygg»



Unge golingar - VGS.

VGS. 16 - 18 år

Elevar ved Gol vidaregåande trekk fram at Gol er ein stad der folk kjenner kvarandre og kor det er enkelt å møtast. Kombinasjonen av aktivitetar og eit levande handelssentrum gjer at ungdommane er stolte av heimstaden sin. Eit samlingspunkt for ungdom frå heile dalen.

Stader som Hallingmo, GIA, parken og Pers er stader som blir mykje brukt fordi det er enkelt å møtes å gjere ulike aktivitetar saman med venner. Grøntareala og skogane rundt Hallingmo er viktige friluftområde for ungdommane.

«At det føles som heime, me har eit godt handelstilbud som trekk folk, me har stort sett det me trenger. Det er eit fellesskap med plass til alle»

- stolt av

«Kjøpesenteret, matbutikkane og at det er hjartet i Hallingdal»

- stolt av

Utfordringar / likar ikkje

- Bygde omgjevnader. Stygge bygg og triste fargar
- Gymnasvegen. Opplevast som skummel
- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege og uoversiktlege
- Mangelfull kollektivtransport

Ønske / forslag

- Ungdomshus / innendørs møteplass for ungdom f.eks. på Samfunnshuset
- Kino og kulturtilbod
- Betre kollektivtilbod
- Utvikle Mobrua og parken. F.eks. med høvesvis badstove og trampolinar og styrkeapparat.



Den gjengse goling

Alder 20 - 69 år

Vaksne golingar er stolte over at Gol framleis er eit levande og velfungerande sentrum. Det breie handelstilbodet, gode restaurantar, enkel tilgjengelegheit og aktivitetssområde gjer sentrum til ein attraktiv plass, ikkje berre for fastbuande, men òg for tilreisande frå andre kommunar og hytteturistar. Gol opplevast som eit naturleg regionsenter som har mykje å by på trass storleiken.

Gratis parkering, personleg service, tid til kundane og eit ryddig og velstelt sentrum gjev tydelege fortrinn framfor andre små stader.

Utviklinga av parken og den nye leikeplassen har vore eit stort og viktig løft for sentrum. Vaksne i alle alder trekk fram desse stadene som favorittstaden deira i sentrum. Restaurantgata og uteområdet utanfor Kjersti's blir peika på som gode uterom.

På dei to neste sidene kjem litt innsikt i fleire undergrupper av den gjengse goling.

«Jeg synes Sentrumsvegen fungerer godt som et hyggelig handelssentrum og har potensial: at det er mulig å bevege seg der både som gående, syklende og bilist er positivt.»

«Grøntarealer. ta vare på den sentrumsnære skogen. Hus som er hyggelige, ikke store klosser. Et koselig og trivelig sentrum.»

Utfordringar / likar ikkje

- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege og uoversiktlege
- Bygde omgjevnader. Firkanta arkitektur og triste fargar
- For få møteplassar for ungdommar og unge vaksne
- Uoversiktleg og til tider utrygt trafikkbillete. Sentrumsvegen og Svøvegen

Ønske / forslag

- Betre sikring ved Heslabrua
- Opprydding i trafikkbiletet i sentrum. Betre tilrettelegging for gåande og syklande
- Betre kultur og musikktilbod
- Betre bruk av eksisterande bygg og ein tydeleg planlegging og styring av arkitektur, skala og estetikk
- Bevaring og utvikling av eksisterande og nye grøntområde og uterom
- Lågterskel møteplassar for alle alder. Verkstader, kreative rom og større bibliotek, badstove

Næringsgolingar

Likar

- Tid til kundar og besøkande
- Samanhengande og levande sentrumsgate
- Parken og leikeplassen
- Gratis parkering

Utfordringar / likar ikkje

- Kaotisk og uoversiktleg trafikkbilete. Spesielt Heslabrua og Sentrumsvegen
- Manglande heilskap i bygg og estetikk
- «Villparkering»

Ønske / forslag

- Tydlegare parkering. Kor der lov/ikkje lov
- Utvikle gaterom og grønne lungar
- Fleire fellesskapsarrangement. Gjerne knytt til mat

Nye golingar

Likar

- Naturen og friluftslivet
- Roleg og trygg stad å bu
- Torsdagstreff (sånn det var tidlegare)
- Leikeplassen
- Gågata ved Pers

Utfordringar / likar ikkje

- Området rundt samfunnshuset. Trist
- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege og uoversiktlege
- Lite liv i sentrum på kveldstid og i helgane

Ønske / forslag

- Internasjonal dag med mat, dans og musikk frå ulike land
- Aktivitetstilbod retta mot damer
- Kreativ stad/verkstad for folk i alle alder
- Lågterskel møteplassar. For eksempel badstove ved elva og torg
- Tryggare og meir oversiktlege trafikkbilete
- Meir kulturtilbod
- Noko ope på sundagar
- Bevare og vidareutvikle dei grøntareala vi har

Foreldre

Likar

- Leikeplassen og parken
- Dei grønne lungene. Dei må bli tatt vare på
- Gode aktivitetstilbod for barn

Utfordringar / likar ikkje

- Mange spørsmål korleis trafikkavviklinga i Svøvegen blir med den nye barnehagen
- Heslabrua og kryssa på kvar side opplevast som farlege og uoversiktlege
- Mangel på gjerde på leikeplassen

Ønske / forslag

- Eiga bro for fotgjengarar ved Heslabrua
- Møteplassar for ungdom
- Skiløyper i sentrum
- Betre tilrettelegging for syklende og gåande
- Gjerde på leikeplassen

Hyttegolingar

Likar

- At Gol er eit levande og hyggeleg handels- sentrum
- Naturen

Utfordringar / likar ikkje

- Bygde omgjevnader. Firkanta arkitektur og triste fargar
- Kollektivtilbod. Dårlig samband mellom togstasjonen og sentrum

Ønske / forslag

- Ny bebyggelse må tilpassast stad og skala i uttrykk, høgde og materiale
- Halde på Sentrumsvegen og konsentrere aktiviteten rundt den
- Rette innsatsen mot der den har effekt. Ikkje sikkert at det som fungerer i byane fungerer her.

«Alle parkeringene som ligger langs sentrumsvegen, er skumle når det er mye trafikk i «sentrum. Stor kilde til at det kan oppstå farer»

«Mere park område, flere leveområder for barna og ikke minst ungdommen. En samlingsplass for ungdommen hvor de kan reise til og kose seg etter skoletid (en ungdomskafe med spillerom, billige matvarer og drikke, sofaer og bord så de kan skravle med musikk i bakgrunnen) sentrum i dag er kjedelig og veldig lite innbydende.»

«Uteservering ved en fontene. Steinlagt torg. Bakeri med surdeigsbrød og god kaffe. Liten musikkscene. Liten kino med internasjonal film. Fransk, arabisk, polsk osv. litteraturhus med foredrag. Badstue og oppbygging av et «elve-langsområde»»

«At ny bebyggelse, og fortetting, er bedre tilpasset i skala og uttrykk til det eksisterende, med småbyskala og saltak, lokal byggeskikk/materialer. Det er bygget en etasje for høyt i mange av de nye prosjektene de siste årene, og bebyggelsen er for generisk uten lokal tilpasning. Viktig å snu dette før det er for sent.»

«Food truck med is og toast i parken om sommeren, som gir ungdom sin første sommerjobb.»

«Scene for musikk og opplevelser. Innendørs padel, biljard eller kube som samler både bibliotek, kultur og opplevelser.»

«En ordentlig park der vi også kan ha en festplass - slik som når kronprinsparet var her»

«Gågate om sommeren, feks hva laurdag.. Noe slikt som under goldagen, folk kan gå fritt og handle. Slå av ein prat midt i gata»

«At det er et levende og hyggelig sted som brukes av både folk som bor der og hyttefolk/turister. At det er et handelssentrum, på "gamlemåten"!»

«Mange aktivitetstilbud til barn og unge (mangler litt for større ungdom), at det satses på møteplasser (Hallingmo-området), at vi har vår egen hall, vår egen skibakke, et sentrum som også er litt urbant, at det er trygt for barn å vokse opp her, at vi har mange tilflyttere og mye, mye mer.»
- stolt av

«Muligheter for å bruke sentrum mer sosialt - møteplasser, treffpunkt, som ikke er knyttet til handel, eller hvor alle som kjører forbi ser deg»

«Det som begynner å bli «skummelt» er alle høge hus i sentrum. Sår man f.eks utenfor Gol blomster og ser mot det svarte høye leilighetsbygget på andre siden av gata kan man ikke se fjellene bak. Hvis det fortsetter å komme opp slike høge kasser av noen hus i sentrum, kommer man til å føle seg innestengt og miste utsikten til fjellene rundt. Det passer seg ikke i en fjellbygd med slike store firkantede kasser av noen bygg. Man må sette noen begrensninger for hvordan bygg i Gol sentrum skal se ut i fremtiden, og da må både byggestil og høyde på bygg begrenses og endres til mer hyggelig og tradisjonell byggestil for en fjellbygd. Egentlig skulle det svarte høye huset i Gol sentrum vært rivd ned. Jeg vurderer å flytte på grunn av den negative utviklingen med altfor mange og altfor høye bygg i sentrum. Jeg føler meg innestengt.»



Eldre gølingar

Alder 70 år +

Dei eldre innbyggjarane opplever at sentrum har blitt betre og lettare å bruke enn tidlegare, med gode tilbod innan handel og ulike aktivitetar. Møteplassar og aktivitetar knytt til parken og Hallingmo, blir tekt fram som svært gode tilbod. Dei eldre legg merke til at dette er område som genererer mykje aktivitet. Mange nyttar områda sjølve, spesielt til turgåing.

Gol sentrum har gode handels-, serverings- og parkeringstilbod. Gol blir oppfatta som eit levande handelssentrum.

«Ein bør ikkje bygge for høgt og stort, for tett på vegen. Då vil kanskje fjellsideane bli borte. Det er dei som fortel kva Gol faktisk er tufta på: landbruket og gardane.»

«Barnebarna vil alltid sykle på Hallingmo»

«Hvem bestemmer hvor stygt det skal bygges?»

«Vi flyttet til Gol for mange år siden, til en sjarmerende bygd som etter hvert har blitt forvandlet til en intetsigende og trist plass. Sentrum preges nå av nye, lite gjennomtenkte bygg, en malplassert Europris, mye trafikk og dårlig med parkeringsmuligheter...»

Utfordringar / likar ikkje

- Sentrum opplevast som langstrakt, bliprega og med eit uoversiktleg trafikkbilete
- Dårlig trafikktryggleik i enkelte område. Særleg ved Heslabrua og Svøovegen
- Bygde omgjevnader. Mangel på estetikk og heilskap
- Mangel på blågrøne strukturar i sentrum

Ønske / forslag

- Tydeleg planlegging og styring av arkitektur, skala og estetikk
- Fleire benkar og kvileplassar langs sentrumsvegen og ved parkeringsplassar
- Tryggare trafikklysingar, betre sikt i kryss og meir konsekvent skilting
- Betre musikk- og kulturtilbod
- Lågterskel møteplassar for alle aldrar

Nøkkelfunn

Golingar er glade i sentrumet sitt. Folk i alle aldrar trekk fram mange av dei same tinga som positive når dei skildrar sentrum. Eit levande handelssentrum. Eit samlingspunkt for folk frå heile dalen.

Leikeplassen og Hallingmoområdet med GIA er populære stader som blir mykje brukt av alle aldersgrupper. Utvalet av butikkar og restaurantar/serveringsstader gjer at folk brukar sentrum mykje.

Sjølv om aldersspennet mellom brukargrubbene er stort, er det interessant å sjå at mange av utfordringane dei opplever i sentrum er dei same. Det same gjeld ønsker og forslag.

Bygde omgjevnader

Golingane er opptekne av korleis sentrum ser ut. Det er ikkje stilt eit einaste spørsmål om bygde omgjevnader, likevel er det eit av dei mest gjentakande tema. Dei unge golingane kjem med kommentarar som «triste fargar» og «stygge bygg». Dei vaksne brukar ord som «firkanta arkitektur» og «triste fargar». Golingane ytrar eit ønske om fleire fargar i sentrum og betre planlegging og styring av arkitektur, skala og estetikk.

Trafikk

Dette er eit tema som engasjerer alle. Heslabrua og kryssa på begge sider blir peikt på som farlege og uoversiktlege for køyrande og mjuke trafikantar. Fleire barn fortel at foreldra ikkje vil at dei skal bevege seg i området. Svøvegen og Sentrumsvegen blir peika på område som til tider er uoversiktlege og utrygge. Særleg i samband med henting/levering på skule, og ettermiddag/helgetrafikk. Golingane ønsker seg betre tilrettelegging for gåande og syklende, samt ei opprydding i det generelle trafikkbiletet.

Sosiale møteplassar

Dette er eit stort behov. Spesielt blant de unge golingane. Dei etterlys stader å henge og være saman som ikkje er knytt til fysisk aktivitet eller pengebruk. Dei vaksne ønsker seg lågterskel møteplassar som badstove, betre bibliotek, kulturtilbod. Folk vil møtast, men dei ønsker seg stade med andre kvalitetar og med ein annan karakter enn dei vi har i dag.

Grøntområde/uterom/friluftsområde

Golingane er opptekne av dei grønne områda våre, og brukar dei mykje. Sjølv om folk er nøgde med det vi har i dag, kjem det fram at det er viktig at vi tek vare på og utviklar desse områda. Bevaring av skogane rundt skulen og Hallingmo og i nærtur-område er viktig. Det same er utvikling av område med eit aktivitetspreg slik at dei blir tilpassa fleire brukargrupper.

Erfaringar og vegen vidare

Det å få jobbe med ei behovskartlegging på ein stad ein kjenner så godt, har vore eit privilegium. Få lov til å bruke tid på og saman med dei menneska som utgjer Golsamfunnet. Få fram deira tankar og ønske for dagens og framtidens sentrum. Vi er heldige som har innbyggjarar som bryr seg og som ønsker at Gol skal bli ein betre stad.

Metodane som vart nytta for innhenting av informasjon, har fungert svært god. Ein skulle sjølv sagt gjerne fått endå fleire svar på undersøkinga og hatt tid til å snakke med endå fleire. Dette vil ein kunne få til dersom ein er fleire om arbeidet og nyttar innspelsplattformer som når breiare enn ein enkel nettbasert undersøking. Eit døme på ein sånn plattform er bedrekommune.no.

Involvering av media har vore svært nyttig. Publisiteten har gjort folk merksame på kva som har gått føre seg og gjeve arbeidet ein form for validering. Det har i sin tur senka terskelen for å si sin meining for mange innbyggjarar.

Arbeidet med samanstilling av innspela har teke tid. Å finne ein god måte å gjere det på er ikkje berre lett. Likevel, hovudtrekka frå kvar brukargruppe er trekt ut og samanstillt utifrå kva for metodar som er nytta. Det er sjølv sagt fleire innspel enn dei som kjem fram her. Dersom ein ønsker å sjå nærare på enkelte brukargrupper, er det berre å ta kontakt.

Det er no den verkelege jobben startar. No har vi innspela. Vi veit kva golvingane likar, kva dei ikkje likar og kva dei ønsker seg. Det er eit enormt kunnskapsgrunnlag å ha med seg inn i arbeidet med å gjere Gol til ein enda betre stad. Generelle og konkrete tiltak. Store og små.

Til politikarar, administrasjonen og andre som vil utvikle staden vår. Oppfordringa er klar. Bruk dette kunnskapsgrunnlaget for alt det er verd!

Takk til alle som har latt seg intervjuje, svart på undersøkinga og delteke på sentrumsvandring og workshop. Takk til Hallingdølen for merksam og heiging. Takk til alle som har bidratt med arbeidet knytta til kartlegginga.

Pernille Landrø
Kommunearkitekt

FOLKA BAK FUNNA

37 elevar frå tredje trinn, åtte grupper med elevar frå sjuande trinn, tolv grupper med elevar frå niande trinn, om lag 40 elevar ved vidaregåande skule, elevar frå læringssenteret, 25 eldre på kaffemøte, 190 svar på den nettbaserte undersøkinga, representantar i FAU og om lag 30 oppsøkande intervju.



Gol kommune